
Årsrapport

2023

Utfordre det velkjente. Utforske det ukjente.



Innhold

I.	Melding frå styret	3
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III.	Aktivitetar og resultat i 2023	7
	3.1 Bidrag til sektormål	
	3.2 Utviklingsavtale 2023 – 2026	
	3.3 Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel	
IV.	Styring og kontroll i verksemda	22
	Del 1 Rapportering om styring og kontroll	
	Del 2 Rapportering på andre føresetnader og krav	
V.	Vurdering av framtidutsikter	32
VI.	Årsrekneskap	35

VEDLEGG
Styringsindikatorar
Ambisjonsnivå museum
Rapport likestilling, inkludering og mangfald

I. Melding frå styret

Styrets arbeid

I 2023 var det skifte i styret ved Universitetet i Stavanger (UiS). Nytt styre starta 1. august 2023, og med unntak av styreleiar Anne Marit Panengstuen, er alle styremedlemmane nye. Styret gjennomførte sju ordinære styremøte i 2023 og behandla til saman 94 saker. To av styremøta var utvida til styreseminar. Styreseminaret i februar var knytt til omstilling og arealutfordringar ved UiS og i september blei det nye styret gjort kjent med overordna rammer for styret sitt ansvar og oppgåver, rammevilkår og verksemdstyring, og pågåande prosessar ved UiS.

Viktige aktivitetar og resultat i 2023

Styret er godt nøgd med innsatsen som er lagt ned frå både studentar og tilsette gjennom eit krevjande år med trongare tider og økonomisk omstilling. Som eit resultat av høg aktivitetsvekst gjennom fleire år opplever universitetet eit aukande press innan bygg og infrastruktur. Ein langsiktig, institusjonell investeringsplan er utarbeidd for bygg og infrastruktur, med ein tidshorisont fram mot 2030, men endra økonomiske rammevilkår har lagt klare avgrensingar for prioritering av tiltak i revidert investeringsplan. Styret meiner at etablering av ein energisentral på campus er eit nødvendig infrastrukturtiltak og eit viktig bidrag til energieffektiviseringa ved UiS, med medvit om at prosjektet fortrenger andre prosjekt i den institusjonelle planen. Styret er opptatt av at strammare økonomiske rammer framover vil sette trongare rammer for årlege investeringar.

Satsingsområde

Styret er tilfreds med at Strategi 2030 for Universitetet i Stavanger og tilhøyrande handlingsplanar no er godt forankra i heile organisasjonen. Grøn omstilling er kjernen i strategien og energi, helse og velferd, og læring for livet er satsingsområda til UiS. UiS arbeider med å inkludere grøn omstilling i utdanningstilbodet, etablere tverrfaglege forskingssamarbeid på grøn omstilling, og redusere eige klima- og miljøavtrykk. Eit nytt bacheloremne innan berekraft starta opp hausten 2023. Emnet er ope for alle studentar og hadde stor påmelding. I den fireårige utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet (KD) har UiS prioritert utviklingsmål/delmål på fem av dei seks satsingsområda i Strategi 2030; grøn omstilling, eit ope universitet, sterk posisjon på energifeltet, satsing på helse og velferd og vere banebrytande på utdanningsfeltet.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styret er opptatt av at UiS sin studieportefølje skal være attraktiv for studentane og har høge ambisjonar for forskinga og for utdanningane sine. Styret har difor stor merksemd på utdanningskvalitet, forskingskvalitet, gode studie- og forskingsmiljø og engasjerte studentar og forskarar. Styret er samstundes uroa over nedgangen i talet på søkarar til lærar- og sjukepleiarutdanningane, som rammar universitetet med stor tyngd.

Resultata av studentopptaket i 2023 er diverre noko svakare enn i 2022 og søkinga til UiS er totalt sett lågare enn året før. Søkartala viser nedgang i både samordna og lokalt opptak. UiS har i år 5 812 primærsøkarar som førsteval i Samordna opptak, som er ein nedgang frå i fjor på 5,6 prosent. Styret har høg merksemd på oppfyllingsgraden på programma i opptaka. Kvart år blir det utarbeidd detaljerte rapportar om søkartal, opptak og oppfyllingsgrad som blir følgde opp i fageiningane. Endra økonomiske vilkår for drifta gjer det nødvendig å prioritere omstilling og konsolidering dei komande åra. Styret etablerte difor ikkje nye gradsprogram i 2023.

UiS arbeider kontinuerleg med oppfølging av Studiebarometeret, men finn at tilfredsheita blant studentane, slik den vert målt i barometeret, fortsett er for låg med ein skår på 3,72, lite endra frå 2022. Styret er særskilt opptekne av at desse resultata må UiS forbetre.

Distriktsvennleg sjukepleieutdanning er eit målretta studietilbod mot Ryfylke-kommunane og Dalane-regionen. Desse prosjekta har i 2023 vore dei mest omfattande tiltaka på UiS for utvikling av fleksible,

nettbaserte utdanningstilbud. Erfaringa med den distriktsvennlege utdanninga er god og studentane viser betydeleg høgare tilfredsheit enn på det ordinære programmet.

UiS hadde i 2023 ei samla auke i akkumulerte kontraktsverdiar på 17,4 millionar kroner, ein auke på 5 prosent samanlikna med 2022. Aukinga innan Forskingsrådet er for det meste knytt til forlenging av barnehagesenteret FILIORUM med ytterlegare 5 år. Færre nye EU-prosjekt gjev ein nedgang i inntekter frå EU. Styret er tydeleg i forventninga om at verksemda skal legge til rette for fortsett auke i inntektene og då særleg frå Forskingsrådet og EU. Styret er glad for at det blei ein liten auke i gjennomførde disputasar i 2023, 61 mot 60 året før. Førebelse tal viser også ein liten oppgang i publiseringspoeng.

UiS skal være eit ope, samarbeidsorientert og innovativt universitet. Dette er ein viktig del av UiS sin identitet. UiS legg vekt på at studentane får moglegheiter til samarbeid med arbeids- og næringsliv. For å styrke arbeidslivsrelevansen vil UiS tilby meir arbeidspraksis i studia. Gjennom ECIU University sin utfordringsbaserte metodikk kjem studentar tett på reelle utfordringar, også i eit internasjonalt perspektiv.

Prioriteringar for 2024

Omstilling og budsjettbalanse

Omstilling og budsjettbalanse blir hovudoverskrifta for styret sine prioriteringar i 2024. Styret vil følge tett med på verknadene av dei endra økonomiske rammevilkåra for UiS. Allereie i september 2022 starta UiS eit omstillingsprosjekt. Prosjektet skal sørge for at UiS klarer å tilpasse organisasjon og aktivitetar og legge grunnlag for balanse mellom inntekter og kostnader i 2024 og framover. Styret vil sjå til at UiS sikrar nødvendig handlingsrom for å støtte opp under prioriterte utviklingsområde i Strategi 2030, institusjonell campusutviklingsplan og i langtidsbudsjettet. UiS skal i 2024 òg prioritere å ta vare på studentar og tilsette og vidare utvikling av gode lærings- og arbeidsmiljø i ei krevjande omstillingstid.

Nye utdanningstilbud ved UiS

I februar 2023 fekk universitetet akkreditering frå NOKUT og rett til å etablere masterutdanning i rettsvitenskap frå KD. Styret er glad for at UiS kunne ta opp dei første studentane til det fullverdige rettsvitenskapsstudiet allereie i august 2023.

Universitetet sende søknad til NOKUT om akkreditering av profesjonsstudiet i psykologi innan fristen i oktober 2021. Etter at NOKUT avslo søknaden i februar 2023 har universitetet sendt ein omarbeidd søknad innan fristen i september 2023. UiS har etter kvart eit sterkt fagmiljø i psykologi og har no både bachelor- og masterutdanning på feltet. 16. februar 2024 mottok UiS tilråding frå den sakkyndige komitéen i NOKUT, som konkluderte med at krav og vilkår for etablering og drift av profesjonsutdanning i psykologi no er møtt. Den endelege godkjenninga frå NOKUT kom 26.2.24. Dette er ei ekstra gledeleg nyheit for UiS. Styret vil følge opp og arbeide for at UiS får 48 statleg finansierte studie plassar.

Strategirevisjon

Strategi 2030 for Universitetet i Stavanger har vore gjeldande frå januar 2021, og styret starta i 2023 ein prosess for ein mindre revisjon av det meir detaljerte innhaldet i strategien. Dette vil styret arbeide vidare med i 2024.

Ein meir fleksibel studieportefølje

Styret er glad for det arbeidet som er gjort for å utvikle ein ny modell for studieprogramstruktur ved UiS, og for å gjere studieporteføljen og gradsprogramma meir fleksible. Styret trur at desse forslaga kan vere med på å gjere UiS meir attraktiv som studiestad, og ser fram til å sjå verknadene av desse endringane framover.


Anne Marit Panengstuen
styreleiar



Ketil Fred Hansen



Elisabeth B. Kvalheim


Ingvil Hellstrand


Ole Tjomsland


Frida Layti


Hege Barker


Murshid Ali


Anders Tranberg


Sara Beitz


Khut Martin Solvig

Stavanger, 14. mars 2024

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

UiS er underlagt KD og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Styret er det øvste styringsorganet ved UiS, med ansvar for universitetet si samla verksemd. UiS sitt hovudkontor og -campus ligg på Ullandhaug i Stavanger kommune. To einingar er lokaliserte i Stavanger sentrum, og éi eining har kontor i Porsgrunn.

UiS sitt samfunnsoppdrag er å tilby høgare utdanning, utføre forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, og formidle faglege resultat. Universitetet har særskild ansvar for å bygge opp, drive og vedlikehalde Arkeologisk museum, utvikle vitenskaplege samlingar og formidle desse gjennom publikumsutstillingar.

Universitetet skal bidra til livslang læring, stimulere til samfunnsdebatt, innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med andre aktørar for å styrke kvalitet og relevans i verksemda. Formålet med verksemda er også å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling. Samfunnsoppdraget har i fleire år vore konkretisert gjennom universitetet sitt motto: *utfordre det velkjente og utforske det ukjente*.

Visjon og verdigrunnlag


Gjeldande strategi for UiS tar utgangspunkt i ein visjon om at universitetet skal vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endring. Dei tre verdiane som skal prege leiarar, tilsette og heile verksemda, er uavhengig, inkluderande og skapande.

Strategiske prioriteringar

Drift og utvikling av universitetet skal vere prega av bidrag til grøn omstilling av samfunnet. Tre fagområde er særleg prioriterte: læring for livet, helse og velferd, og energi. Gjennom å vere eit ope universitet skal UiS påverke – og bli påverka – av omverda.

Organisasjon og leiing

Kjerneverksemda ved UiS er organisert i seks fakultet og eit museum. Administrative fellestenester er organisert i fire divisjonar som støttar kjerneverksemda sitt arbeid for ulike delar av samfunnsoppdraget. Toppleiinga ved UiS består av rektor, prorektorar for utdanning, forskning og innovasjon og samfunn, og direktør for organisasjon og infrastruktur.



Hovudtal for verksemda

Verksemda ved UiS utgjør om lag 4,8 prosent av den statlege delen av universitets- og høgskolesektoren i Noreg, målt i årsverk.

Hovudtal	2020	2021	2022	2023	Endring 2022–2023
Ressursar					
Antal årsverk totalt	1 611	1 771	1 890	1 926	1,9 %
Antal vitskaplege årsverk (UFF)	1 022	1 131	1 214	1 256	3,5 %
Antal årsverk tekn/adm/støtte	589	641	676	670	-0,9 %
Sum driftsinntekter (1000 kr)	2 013 548	2 213 310	2 296 409	2 463 768	7,3 %
Tildeling frå dep. (1000 kr)	1 734 116	1 821 434	1 872 001	1 970 997	5,3 %
Tildeling frå EU og Forskningsrådet (1000 kr)	75 440	114 366	187 838	184 478	-1,8 %
Kjerneverksemda					
Antal registrerte studentar	12 411	12 617	12 506	12 383	-1,0 %
Studiepoeng-einingar	8 577	8 482	8 477	8 400	-0,9 %
Uteksaminerte kandidatar (bachelor, master, prof.)	2 464	2 503	2 476	2 527	2,1 %
Publiseringspoeng*	1 332	1 407	1 454	1 488	2,4 %
Avlagde doktorgradar	74	52	60	61	1,7 %

*For 2023, foreløpig tal publiseringar per 05.02.2024

III. Aktivitetar og resultat 2023

3.1 Bidrag til sektormål

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Universitetet arbeider kontinuerleg med oppfølging av Studiebarometeret, men finn at tilfredsheit blant studentane, slik den vert målt i barometeret, fortsett er for låg med ein skår på 3,72, lite endra frå 2022. Basert på tala i Studiebarometeret er òg studentanes bruk av tid på studiearbeid noko redusert, frå 34,31 timar i veka i 2020 og 33,73 timar i 2022, til 32,43 timar i 2023. UiS-studenten bruker stadig meir tid på lønsarbeid, 12,1 timar i veka i 2023. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet.

Arbeidet med å betre og forenkle den digitale rapporteringa av det årlege kvalitetsarbeidet held fram. I 2023 blei «Kvalitetskiosken» for hele UiS ferdigstilt og tatt i bruk. Dette er ein portal der både administrativt og vitskapleg tilsette enkelt får tilgang til nyttig informasjon om kvalitetsarbeidet i utdanningane. Her finst alle studieprogramrapportar og emnerapportar ved heile UiS. Desse har ikkje vore tilgjengelege på tvers av institutt tidlegare. Universitetet gjennomfører periodisk evaluering og reakkreditering av alle studieprogram i ein femårs syklus. I 2023 evaluerte universitetet 16 gradsprogram. Evalueringsordninga bidrar med sær gode innspel til kontinuerleg forbetring av universitetet sine studieprogram.

Internrevisjonane ved UiA, HVL, Nord og UiS gjennomførte ein revisjon i utvalde masterprogram i institusjonane rundt årsskiftet 2022/2023. Revisjonen retta særleg merksemd mot organisering av programma, samarbeid og samhandling og årsaker og tiltak som påverkar gjennomføringa i masterprogramma. Revisjonsrapporten *Gjennomføring på toårige masterprogram (§3-masterstudium)*, 120 studiepoeng blei lagt fram for styret ved UiS i mars 2023. Rapporten inneheld mange tiltak for å betre gjennomføringa i masterprogramma som vert følgt opp i 2023/2024.

Etter noko auke over dei siste åra, falt gjennomføringa noko i 2023 både for bachelor-, master- og ph.d.-utdanningane. Universitetet er ikkje nøgd med denne utviklinga. Andelen ph.d.-kandidatar som gjennomførte doktorgradsutdanninga innan seks år har gått ned samanlikna med 2022. Av dei som blei tatt opp på eit doktorgradsprogram ved UiS i 2017, har 60,27 prosent fullført graden, ein nedgang på over fire prosentpoeng. Blant dei som framleis er aktive kandidatar i 2017- kullet, planlegg fleire å enten disputere eller levere avhandlinga i løpet av 2024. UiS hadde 61 disputasar i 2023. Det er éin disputas meir enn året før.

Sektormål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Bidragsinntekter frå Forskringsrådet og andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) relativt til antal vitenskaplege årsverk, vert nytta som indikator for universitetet sitt bidrag til dette sektormålet. NFR-indikatoren syner ein nedgang frå 2022, og UiS ligg klart under snittet for statlege institusjonar. I eit lengre tidsperspektiv har likevel UiS hatt ei positiv utvikling. UiS er særns nøgd med 2023-resultat for andre BOA-inntekter per vitenskapleg årsverk.

Velferdsforskninga ved UiS er tverrfagleg og bygger på tverrsektorielt samarbeid. Nettverk for velferdsforskning, under leiing av UiS, fungerer som ei samlande kraft for velferdsforskninga på regionalt nivå. Nettverket bringar saman forskarar frå fire ulike fakultet ved UiS, i tillegg til deltaking frå forskarar ved VID, HVL, NORCE og representantar frå offentlege aktørar i velferdssektoren. Denne breie deltakinga frå ulike sektorar og institusjonar gjev ei heilskapleg tilnærming til velferdsforskninga og mogleggjer ei meir omfattande forståing av komplekse samfunnsspørsmål.


HelseCampus Stavanger (HCS) har, saman med partnerar og samarbeidspartnerar, i 2023 vidareutvikla samskapingsarenaen med felles infrastruktur som støtter innovasjonsprosessar innan helsetenester. Det er oppretta innovasjonsnettverk med felles nettside og kommunikasjonsmateriell, og verkstad for felles søknadsutvikling. HCS har i løpet av 2023 sett i gong fleire forskings- og innovasjonsprosjekt i samarbeid med aktørane knytt til HCS-miljøet, med finansiering frå Universitetsfondet. UiS har samarbeidd med Stavanger Universitetssjukehus (SUS) om fleire søknader om [forskningsmidlar](#) frå Helse Vest for 2024. Ein av desse søknadane fekk tilsagn om finansiering i kategorien open prosjektstøtte.

UiS etablerte i 2023 Stavanger Artificial Intelligence Lab (SAIL) som forskingsnettverk for å bidra til meir forskning og utvikling innan kunstig intelligens gjennom auka samhandling mellom fagmiljø, tettare samarbeid med industrien og gjennom kreative studentprosjekt.

UiS arbeidar med å integrere grøn omstilling i utdanningstilbodet og tverrfaglege forskingssamarbeid, og med å redusere vårt eige klima- og miljøavtrykk. Eit nytt bacheloremne innan bærekraft blei sett i gong hausten 2023. Emnet er ope for alle studentar og hadde stor påmelding. I 2023 blei ni tverrfaglege forskingsprosjekta for grøn omstilling sett i gong, med interne midlar ved UiS. Prosjekta skal bidra til å auke det regionale og internasjonale samarbeidet, utvikle nye undervisningsopplegg for grøn omstilling i praksis og utvikle grøne løysingar på campus. UiS har i 2023 laga ein klima- og miljøplan for verksemda, med tiltak som reduserer eiga klima- og miljøpåvirkning.

UiS er ein av åtte partnerinstitusjonar i Erasmus+-lærarakademiet Teachers for Futures, som innanfor den europeiske universitetsalliansen støtter opp om EUs visjon om å sikre lærarane sine moglegheiter til fagleg påfyll, kompetanseutvikling og motivasjon. UiS leiar det europeiske innovasjonsprosjektet for testing av nye modellar for grunn- og vidareutdanning av lærarar. Prosjektet har kopling til UiS sitt strategiområde læring for livet, og skal bidra til å gjere europeisk lærarutdanning meir fleksibel, open og praksisnær. Berekraft, digitalisering og inkludering ligg til grunn. Dei åtte partnerinstitusjonane har med seg kvar sin partnerskole, og skal saman identifisere utfordringar knytt til skolekvardagen, og løyse desse gjennom utfordringsbasert læring og mikrokurs.

UiS-søknader til NFR 2019 - 2023:



Sektormål 3: God tilgang på utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Kandidattala i helseutdanningane ligg alle over kandidatmåltala i 2023. Sjukepleiarutdanninga peiker seg ut positivt. Der er kravet sett til 207 og universitetet uteksaminerte 243 kandidatar. Barnehagelærarutdanninga, grunnskoleutdanninga 5-10 og lektorutdanninga ligg òg godt over måltalet, medan grunnskolelærarutdanning 1-7 og PPU ligg under måltalet. Universitetet arbeider kontinuerleg med å betre rekrutteringa og gjennomføringa for å demme opp for den nasjonale trenden med redusert søknad til helse- og lærarutdanningsprogramma.

Universitetet starta opp sju nye gradsprogram i 2023¹. Endra økonomiske vilkår for drifta av universitetet gjer det nødvendig å prioritere omstilling og konsolidering dei komande åra. Styret etablerte difor ikkje nye gradsprogram i 2023. Universitetet har likevel, mellom anna med bakgrunn i utsynsmeldinga, ei auka merksemd kring utvikling av meir og fleire fleksible tilbod til ein samansett studentgruppe. For å betre fleksibiliteten for studentane og for å auke rekrutteringsbasen arbeider universitetet med å etablere fleire årsstudium, kortare einingar og å legge betre til rettes for auka tilgjenge til studia. I 2023 blei det etablert årsstudium innan økonomi og leining, realfag og teknologi, klimatilpassing og berekraftig omstilling, og musikkopplæring. I 2023 blei det òg etablert ei distriktsvennleg sjukepleiarutdanning for Dalane-regionen, etter modell frå tilbodet i Ryfylke som starta i 2022. Alle desse studietilboda startar opp i 2024. Prosjekta for distriktsvennleg sjukepleiarutdanning har i 2023 vore dei mest omfattande tiltaka ved UiS for utvikling av fleksible, nettbaserte utdanningstilbod, som både skal gi tilbod til nye målgrupper og sikre utdanning av sjukepleiarar i distrikta. Prosjekta er ein modell for utvikling av andre fleksible, nettbaserte tilbod frå UiS. Innhaldet og løysingane som bler utvikla, vil også bli nytta til kvalitetsutvikling av den ordinære sjukepleiarutdanninga.

Bachelorutdanninga i sjukepleie har auka kapasiteten med meir enn ein tredel dei siste 10 åra. Det aukande studenttalet skaper utfordringar for universitetet og samarbeidspartnarar, særleg når det kjem til gjennomføringa av praksisopplæringa som utgjer halve utdanninga. Med tilboda som vert gjeve i distrikta, held universitetet framleis oppe kapasiteten i sjukepleiarutdanningane i samsvar med dei nye studieplassane som er tildelt og pålagd sist åra. Det vert arbeidd langsiktig, blant anna saman med Stavanger universitetssjukehus, for å betre organiseringa og sikre nødvendig praksiskapasitet i framtida.

UiS samarbeider med bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemdar, og deltar i nettverk for å dele kunnskap og erfaringar, og for å samarbeide om forskning og utvikling. Samarbeidet skjer lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vidare deltar UiS i forskingsprosjektet som bidreg til å løyse samfunnsutfordringar, og auka kunnskap og innovasjon både nasjonalt og internasjonalt. I 2023 har UiS innført ein ny *strategi for rettar* som er ment å sikre at forskingspublikasjonar kan delast så ope som mogleg så tidleg som mogleg. Saman med Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet har UiS lansert «[Finn bærekraftsforskning](#)» - ein ny søkemotor for å gjere norsk forskning knytt til FN's bærekraftsmål gjere gjenfinnbar og lett tilgjengeleg, også utanfor akademien.

¹ [DBH](#)

3.2 Utviklingsavtale 2023-2026

UiS sin utviklingsavtale med KD inneheld fem utviklingsmål, kvart med tre styringsparametrar. Dei fem utviklingsmåla er basert på UiS sin verksemdstrategi og beskriv universitetet sine strategiske prioriteringar for å bidra til dei nasjonale sektormåla.

Utviklingsmål – Grøn omstilling pregar utvikling av kjerneverksemda ved UiS

Styringsparameter: Prioritere forskingsområde som bidrar til grøn omstilling

Å medverke til grøn omstilling av samfunn, arbeidsliv og næringar, står heilt sentralt i universitetet sin strategi. I 2023 har UiS fått innvilga fleire prosjekt som er strategisk viktige for grøn omstilling. Av om lag 314 millionar kroner i samla tildelingar til 190 prosjekt i 2023, utgjorde 41 prosjekt med kopling til grøn omstilling om lag ein femtedel, 64,7 millionar kroner. Nedgangen i kroner frå 2022 reflekterer mellom anna den store tildelinga av finansiering til Nasjonalt senter for berekraftig utnytting av energiressursar på norsk sokkel (NCS2030) i 2022.

	2022 (1000 kr)	Ant.	2023 (1000 kr)	Ant.
Samla tildelingar	344 354	213	313 976	190
Grøn omstilling	131 393	48	64 690	41
Andel grøn omst.	38 %	23 %	21 %	22 %

Arkeologisk museum i Stavanger blei tildelt 3,5 millionar kroner frå Noregs forskingsråd for å utvikle nye, moderne limtypar for konservering, som alternative berekraftige material basert på historiske teknikkar. Midlane skal supplere eigenfinansieringa på 5,9 millionar kroner.

UiS har saman med Stavanger kommune (ein av 112 klimanøytrale byer innan 2030) og Rogaland fylkeskommune (ein av 150 klimatilpassingsdyktige regionar innan 2030), ført regionen inn i viktige samarbeid for klimaomstilling. EU-nettverket Horisont Rogaland (leia av UiS) har saman med regionale aktørar starta eit arbeid innan samfunnsoppdraget jordhelse og har ansvaret for Soil Literacy, som inkluderer miljøhumaniora, utdanning og Citizen Science. I tillegg til dei nemnde EU-samfunnsoppdraga, er UiS også godt posisjonert for 2024-utlysingane i New European Bauhaus. Her er fleire aktørar frå Stavanger med i det pågåande NEB-STAR prosjektet, og Stavanger er posisjonert som ein av fem fyrtårnbyar innan New European Bauhaus.

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til prosjekt knytte til grøn omstilling (Tal i 1000 kr + antal)

Grøn omstilling	2022	2023	Endr. 22–23	Sum 20–23
Tildelingar, samla	131 393	64 690	-51 %	647 933
Derav NFR	95 638	33 583	-65 %	339 312
Derav EU	17 990	13 392	-26 %	48 984
Frå andre finansiørar	17 765	17 715	0 %	259 637

Grøn omstilling	2022	2023	Endr. 22–23	Sum 20–23
Antall tildelingar, samla	48	41	-15 %	251
Derav NFR	13	13	0 %	64
Derav EU	4	4	0 %	14
Frå andre finansiørar	31	24	-23 %	173

Styringsparameter: Tildelingar frå målretta samfunnsoppdrag i Horisont Europa

UiS fekk 43 millionar kroner i samla tildelingar frå Horisont Europa (HE) i 2023. Samanlikna med 2022, status før gjeldande utviklingsavtaleperiode, er dette ein auke på om lag 21 prosent. UiS sendte 62 søknader til HE-fristar i 2023. Fem søknader har så langt fått innvilga tildeling. Ein del av søknadene er framleis til handsaming primo 2024.

UiS har posisjonert strategiske fagområde inn mot HE og vidareført ordninga med EU-posisjonskoordinatorar. I 2023 har UiS utnemnd fem nye koordinatorar for satsingane på hav, energi, utdanning, helse og velferd, for å auke universitetet si deltaking innanfor HE søyle II; globale utfordringar og konkurransedyktig næringsliv.

UiS sitt forskingssenter Greenhouse er blitt tildelt to prosjekt frå HE, begge innan energi-humaniora. Det eine prosjektet, PITCH, blir leia av UiS og er eit prestisjetungt samarbeid mellom akademiske og kulturelle organisasjonar i seks land. Fram til 2027 er målet å styrke innbyggerane sitt engasjement knytt til kulturarv og tilhøve til noverande «petrokultur» for å legge grunnlaget for raske, samfunnsdekkande grøne omstillingar i Europa. I tillegg er UiS med på Marie Skłodowska-Curie Actions ph.d.-nettverk med namn «Smart and Sustainable Host UniverCities: leveraging city-university interactions to further the twin green and digital transition» (SUNSET). Ph.d.-nettverket SUNSET, er bygga omkring eit miljø av leiande forskarar og ph.d.-kandidatar. Desse vil undersøke korleis universitet og deira vertsbysar kan samarbeide for å nå globale og europeiske politiske mål for digitalisering og berekraft.

UiS har arrangert fleire arbeidsmøter om aktuelle utlysingar i 2023, saman med EU-nettverket Horisont Rogaland, og undersøker framtidige utlysingar (2024) knytte til naturbaserte løysingar. Det har blitt etablert eit eige forskarnettverk for samarbeid med NORCE og Rogaland fylkeskommune.

Styringsparameter: Studentaktiv og innovativ læring med klare bidrag til berekraftsmåla

Grøn omstilling står i kjernen av UiS sin strategi. UiS arbeider for ei meir berekraftig samfunnsutvikling og nye måtar å forvalte naturressursar på, og eit strategisk mål er å tilby tverrfaglege studieprogram der vi vektlegg kompetanse innan berekraft. Ved UiS blir det lagt vekt på å knyte grøn omstilling til eksisterande studiar samstundes som nye studietilbod har starta opp.

Frå hausten 2023 blei eit tverrfagleg ti studiepoeng bacheloremne i berekraft og grøn omstilling starta opp med 57 studieplassar. Alle 57 studentane gjennomførte og bestod. Emnet er tverrfagleg, med bidrag frå samfunnsvitskaplege, humanistiske, økonomiske og naturvitskaplege fagområde. Det er innretta mot å løyse samfunnsutfordringar knytt til endringar i klima og miljø og skal tilbydast som valfag for studentane i flest moglege studieprogram. Emnet var særst godt søkt og tilbakemeldingane frå studentane er positive. No jobbar ein for å utvikle eit emne på masternivå innan berekraft og grøn omstilling.

UiS tilbyr frå 2023 eit årsstudium innan klimatilpassing og berekraftig omstilling i eit samfunnssikkerheitsperspektiv. Dette er eit tverrfagleg, nettbasert studium på bachelornivå. Den nye bachelorgraden innan batteri- og energiteknologi starta hausten 2022, og blei oppretta etter ønske frå industri og arbeidsliv. Studiet blei særst populært og hadde mange søkarar i 2022. Sjølv om rekrutteringa til studiet var noko dårlegare i 2023 har universitetet stor von om at studiet skal rekruttere godt i framtida.

Universitetet sitt innovasjonshus, Lyspæren, har i 2023 bidrege til aktiv og innovativ læring som samlar seg rundt berekraftsmåla. Gjennom ei rekke arrangement og aktivitetar har studentar frå ulike fagområde, forskarar med relevant kompetanse og næringslivsaktørar samlast for å løyse noverande og framtidsretta utfordringar. Saman har dei arbeidd med å finne innovative løysingar på problemstillingar knytt til berekraft, gjennom å:

- skape ei trygg ramme for å utforske gründeridéar.
- tilby kunnskapspåfyll innan innovasjon, entreprenørskap og berekraft.
- mobilisere studentar til å søke STUD-ENT, eit program for studentverksemdar organisert av Innovasjon Noreg.

Lyspæren mottok eit tilskot på 200.000 kroner frå Innovasjon Noreg. Tilskotet skal nyttast til å styrke entreprenørskapsmiljøet ved UiS og mobilisere fleire studentar til å søkje STUD-ENT.

Saman med Den Norske Turistforeining (DNT) og Future Energy Hub har Lyspæren arrangert kurs i redesign og ombruk av klede. Dette har medverka til å auke medvitnet knytt til berekraftig mote og forbruksvanar. Med mål om å inspirere studentgründarar med ein berekraftsprofil er det blitt arrangert ei rekke arrangement og arbeidsmøter der gründarar med vellukka verksemder innan berekraft har delt sine erfaringar og inspirert studentar til å ta sine idear til neste nivå.

I 2023 har over 220 studentar samarbeidd innan UiS InGenious-program med verksemder og offentleg sektor gjennom å arbeide med reelle utfordringar frå nærings- og arbeidslivet. Følgande samarbeidspartnarar kan nemnast: Stavanger kommune, GE Healthcare, AquaNEXT, Norsk Vind, Kverneland og Beyond, IVAR og Mobility Forus. Gjennom desse partnerskapa og samarbeida fekk studentane kunnskap og erfaring gjennom ulike aktivitetar som case-studiar, besøk, gjesteforelesingar, arbeidsmøter i Design Thinking og Sustainability, SWOT analyse og praksisplass, alt relevant for grøn omstilling og berekraftsmåla.

Utviklingsmål – Vere eit ope universitet med fleksible og ettertrakta utdanningar

Endra nasjonale vilkår for drift av UiS gjer det nødvendig med omfattande omstilling av verksemda dei komande åra. Statsbudsjettet 2024 bærer bod om ytterlegare forverring av universitetets økonomi enn tidlegare antatt og prognosane syner at UiS dei neste fem åra må redusere kostnadane sine med om lag 200 millionar kroner, eventuelt må inntektene auke tilsvarende. Samstundes har regjeringa uttrykt ei forventning om at institusjonane skal utvikle meir fleksible og kortare studieløp, gjerne desentralisert og tilgjengeleg for flest moglege studentgrupper uavhengig av bustad og livssituasjon, jf. utsynsmeldinga og den nye finansieringsmodellen.

Styringsparameter: Attraktive utdanningar

Talet på førstevalssøkarar per studieplass har vore stabilt på 2,5 over fleire år. I 2023 var det ein liten nedgang til 2,4. Nedgang i søkartala ser vi òg igjen i oppfyllingsgraden på studia, særleg på masternivå. I opptaket til grunnstudia via Samordna opptak var oppfyllinga 104 prosent, ein reduksjon frå 112 prosent i 2022. I det lokale opptaket, mellom anna til masterstudia, var oppfyllingsgraden 89 prosent mot 91 prosent i 2022. Noko av reduksjonen i masteropptaket kjem av innføringa av studieavgift for utanlandsstudentar, som UiS blei råka særst hardt av.

Styringsparametrar: Meir fleksible og utfordringsbaserte utdanningar, fleire studieprogram med tilbod om praksis i arbeidslivet

I 2023 har UiS hatt fleire arbeidsgrupper som har behandla og fremma forslag til endringar knytt til fleksible utdanningar, bidrags- og oppdragsaktivitetar på utdanningsfeltet, rekruttering og tiltak for å gjere studieporteføljen og gradsprogramma meir fleksible. Arbeidsgruppene har levert sine rapportar, og resultatane vert lagt fram for styrebehandling våren 2024.

Den overordna intensjonen som kjem fram i rapportane er at:

- UiS bør vidareutvikle sine kunnskarar og ferdigheiter innan søknadsskriving og prosjektarbeid både blant vitsskapelege tilsette, leiarar og i støtteapparatet.
- Det bør arbeidast meir heilskapleg med studenten si totale «brukarreise» frå potensiell søkar til ferdig kandidat, mellom anna i velkomstarbeidet og arbeid for å motvirke fråfall av studentar.
- Studieporteføljen for bachelorprogramma bør omstrukturast slik at studentane får betre moglegheit til å velje breiddefag og valfag inn i bachelorgraden.
- Det bør bli utvikla fleire tilbod innan livslang læring gjennom fleksible og desentraliserte tilbod og auka tilgjenge uavhengig av bustad og livssituasjon.

Einingane ved universitetet set i verk tiltak for å imøtekomme dei overordna intensjonane i omstillingsarbeidet. Blant anna er det laga fleire tilbod om årsstudium som tar inn i seg emne som allereie finst i porteføljen. Når styret har fatta vedtak i saka, vil organisasjonen følge opp i tråd med vedtaket. Sjølv om det vert arbeidd intenst med omstilling av verksemda, har einingane ivarettatt den daglege drifta og utviklingsarbeidet på ein god måte i 2023.

Studie- og kvalitetsrapportane frå fakulteta viser at arbeidslivstilknyttinga i studieprogramma står sentralt og er i god utvikling. Alle einingane er opptekne av å tilby praksisplass for studentane i utdanningane, og fleire har mål om at alle bachelorprogramma på eininga skal ha tilbod om praksis og ønsker tilrettelagde administrative rutinar for dette. I UiS sitt kvalitetssystem er det krav om at arbeidslivet vert involvert i ulike prosessar knytt til studieprogramutvikling. Det blir også arbeidd for å profesjonalisere kontakten med arbeidslivet ytterlegare, mellom anna gjennom nye møteplassar og tettare kontakt med alumnane.

I 2023 fekk Det helsevitskaplege fakultet innvilga HK-dir.-søknad om å starte fleksibel og distriktsvennleg treårig sjukepleiarutdanning tilpassa studentar som bur i distriktkommunar i Sør-Rogaland (Bjerkreim, Sokndal, Eigersund, Lund og Hå kommune) i samarbeid med Dalane utdanningscenter. Dette utdanningstilbodet bygger på sjukepleiarutdanninga som UiS tilbyr i Ryfylke, som starta hausten 2022.

Som ein del av å vere eit ope universitet har dei ulike lærarutdanningane eit utstrekt samarbeid med praksisfeltet, ikkje minst gjennom dei mange praksisperiodane i desse utdanningsprogramma, og gjennom universitetsskole- og universitetsbarnehagesatsinga og via tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling. Dette er ordningar der utveksling av erfaringar gjer grunnlag for kunnskapsutvikling for begge partar og er eit ledd i utviklinga av kvaliteten i utdanningane.

Fakulteta ved UiS arbeider med å gjere overgangen frå vidaregåande skole til universitet enklare og førebu studentane på studiekvardagen. Dei tilbyr kurs som inneheld tips om studieteknikk, planlegging, motivasjon og gruppearbeid, og er tilgjengelege for studentar på ulike fag/program.

Lærings- og vurderingsformar har kontinuerleg merksemd i fagmiljøa ved UiS. Det har i 2023 vore arbeidsmøter og arbeidsgrupper for å medverke til pedagogisk utvikling i fagmiljøa. Samstundes representerer den teknologiske utviklinga, til dømes ChatGPT, utfordringar og moglegheiter for andre og nye lærings- og vurderingsformar.

ECIU University, saman med partnarane i European Consortium of Innovative Universities (ECIU), gjekk inn i ein ny fireårig finansieringsfase frå november 2022. Målsettinga for alliansen er å tilby fleksibel utdanning som møter utfordringar i samfunnet, i form av små emne (2-5 studiepoeng). Desse er godkjende som høgare utdanning og kan innpassast i studentane sine studieprogram. I 2023 tilbaud UiS fire slike små emne. Til saman hadde ECIU University ei portefølje på 131 små studietilbod. 43 av desse var i samarbeid med arbeidslivspartnarar, der studentar, fagpersonar frå universiteta og representantar frå arbeidslivet samarbeidde om å løyse utfordringar i tverrfaglege og internasjonale team. 227 studentar frå UiS deltok i desse tilboda. Studietilboda, som vert kalla ECIU Learning Opportunities, er å finna på ei open nettside: engage.eciu.eu.

I 2023 har det vore ei auka merksemd på utvikling av fleksible og nettbaserte utdanningar. Bruken av nettbaserte verkemiddel i undervisninga har hatt ein auke frå 2022 og har stabilisert seg på eit gjennomgåande høgt nivå. Digitale verkemiddel har verknad både på kvaliteten og på tilgang til utdanning. Dei fleste av våre studentar har tilgang til, og bruker, undervisningsvideoar. Til trass for ein auke i talet opptak, utgjer opptaka samla nær 1000 timer færre enn året før. Dette er ei positiv utvikling, då lærarane i større grad no lagar kortare, skreddarsydde videoar til undervisning og i mindre grad berre formidlar opptak av forelesningar i sin fulle lengde.

UiS etablerte for eit par år sidan ein eigen teneste for opne nettkurs. Tilbodet er i vekst og inneheld både tilbod som er gratis og tilbod med betaling. Dei betalte tilboda har så langt generert ei inntekt på i underkant av 500 000 kroner. Dette er tilbod basert på EVU-kurs som ikkje lenger syner seg rekningssvarande å gjennomføre i ordinær form. På denne måten blir kursa framleis nytta, men med svært låge driftskostnader for UiS. Tenesta vil også innehalde heilt nye kurstilbod, både som eit tilbod til befolkninga, men òg med mål om marknadsføring av resten av UiS sitt studietilbod, og som forkurs til dette.

Omsetning innan etter- og vidareutdanning og fleksible studietilbod

Samla omsetning for UiS si EVU-eining var 44,9 millionar kroner i 2023, ein auke på 3,6 millionar kroner. Resultata i 2023 er dei beste nokon gong, og auken er hovudsakleg knytt til bidragsaktivitet (+ 9 prosent). Aktivitetar knytt til sal og oppdrag er relativt stabile. Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet har auka sine aktivitetar og mottek 3 millionar kroner frå overskotet, og Handelshøgskolen UiS mottek 2,6 millionar kroner i overskot for si verksemd. Dei andre fakulteta har enten liten aktivitet innan EVU-verksemda eller administrerer aktiviteten sjølv.

Ei stor del av prosjekta starta i 2022 og blei vidareført i 2023. Dette utgjør 13,4 millionar kroner, medan nye inntekter auka i 2023 med 5,5 millionar kroner, til nær 30 millionar kroner. Talet på studentar har auka med 90, til 1 930 studentar. Dette er ei positiv utvikling.

Utviklingsmål – Sterk posisjon på energifeltet

Energi	2021	2022	2023	Endr. 22-23
Antal registrerte studentar innan energiutdanningane med studieprogram som inkluderer emne/tema innan fornybar energi, inkl. petroleumsfag	417	409	389	-4,9 %
Søkarar per studie plass til energiutdanningane med studieprogram som inkl. emne innan fornybar energi	14,38	11,63	11,42	-1,8 %
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (energiområdet, mill. kr.)	128,52	110,82	23,33	-78,9 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor studieprog. inkl. emne innan fornybar energi	44,10	36,60	34,10	-6,8 %

Styringsparameter: Omstilling av energiforskning og -utdanningar

Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet (TN) har gått gjennom studieporteføljen sin i løpet av 2023. Ein har mellom anna arbeidd med å sikre at læringsutbyttet innan fornybar energi, miljøvennlege energiberarar, karbonfangst og lagring og energieffektivisering, blir styrkt gjennom eksisterande emne.

Det nye masterprogrammet i energi, reservoar og geovitskap, som skal utdanne kandidatar som forstår kompleksiteten i, og det nødvendige ved, overgang til ein berekraftig energimiks, heldt fram i 2023. Ingeniørstudiet i batteri- og energiteknikk hadde også sitt andre opptak i 2023. Sjølv om rekrutteringa til studiet var noko dårlegare i 2023 enn i 2022, har universitetet stor von om at studiet skal rekruttere godt i framtida. I 2023 blei det etablert ei ny studieretning i elkraft og elektrifisering innan ingeniørstudiet i elektroteknikk. Etter førespurnadar frå lokalt næringsliv etablerte universitetet y-vegen for ingeniørstudiet i energi- og petroleumsteknologi i 2023. TN arbeidde også med å utvikle studietilbod innan havvind.

Trass i at universitetet arbeider med å legge om og modernisere innhaldet i energiutdanningane med vekt på berekraft, ser vi ein liten reduksjon i talet studentar på energiutdanningane, 389 i 2023 mot 409 forre året. Vi ser også ein nedgang i talet søkarar per studie plass på desse studia, men den er liten, frå 11,63 i 2022 til 11,42 i 2023. UiS har von om at det gode arbeidet som blir gjort med å innarbeide berekraftige energiløysingar i desse utdanningane, over noko tid vil snu ein trend med nedgang til ein auke.

I samband med bygginga av ein ny energisentral på campus, er det gjort klart at TN skal disponere ein etasje i bygget til laboratorium for utdanning og forskning innan elkraft. Arbeidet med å planlegge laboratorieverksemnda i bygget starta i 2023 parallelt med at bygginga av energisentralen starta. Tilgang til relevant nasjonal og internasjonal infrastruktur er avgjerande for å vere i forskingsfronten innan energi i ein kontekst av ei grøn omstilling. UiS har i 2023 sendt inn to koordinatorsøknader til Forskingsrådet si utlysning for forskingsinfrastruktur, begge innan energiforskning. Spesielt ein av desse søknadane vil bruke moglegheita for eit samvirke med Statsbygg for å instrumentere pilotprosjektet energisentralen på campus. Dette er eit særskilt viktig bidrag for UiS sin ambisjon om å bli sjølvforsynt med energi. Bygget skal bidra til å kutte universitetet sine klimagassutslepp frå energiforbruk for varme og kjøling med rundt 80 prosent. Energisentralen skal også nyttast til anvendt forskning og vil bli eit unikt laboratorium innan geotermisk energi. UiS har blitt tildelt 10 millionar kroner frå Ulla-Førrefondet til å utstyre elkraftlaben.

UiS har ein ambisjon om å ha ein leiande posisjon innan forskning, utdanning og innovasjon på energifeltet. UiS har arbeidd for ei betre koordinering av vår deltaking i European Energy Research Alliance (EERA), og er nå fullt medlem. I 2023 har UiS søkt og fått lagt JP Geothermal årskonferanse i 2024 til Stavanger. Via Petrosenteret er UiS også arrangør for den årlege Stavanger Energy Conference.

UiS har eit godt samarbeid med regionen om hydrogen, og posisjonerer seg nå for ein Hydrogen Valley søknad (Clean Hydrogen partnership), i samarbeid med EU-nettverket Horisont Rogaland.

Styringsparameter: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer for innovasjon, forskning og utdanning på energiområdet

UiS har ikkje lukkast i å auke tildelingar frå eksterne finansiørar til prosjekt på energiområdet i 2023. Dei samla 2022-tildelingane inkluderte mellom anna 50 millionar kroner til finansiering av senteret NCS2030. For 2023 var samla tildelingar knytt til energi berre 23,3 millionar kroner.

Den strategiske energisatsinga har ført til prioritering av søknader til nasjonale og europeiske fond, men også til lokale og regionale finansiørar, og samtidig tettare dialog med det offentlege og private næringsliv. Måloppnåing blir vurdert som ikkje tilstrekkeleg sett frå mengde og størrelse på tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan forskning på energiområdet. Nedgangen i tildelingar kom dels av dei store endringane i Forskingsrådet (FRIPRO), som førte til færre innsendte søknader. Midlar frå Forskingsrådet utgjør likevel den største delen av tildelingane for 2023. UiS har vertskapsfunksjon i eit forskarprosjekt om nanoteknologi og avanserte materialar til bruk innan utvikling av grønne energiteknologiar. Dei andre NFR-finansierte prosjekta som UiS er partner i, forskar på havvind, batteriteknologi, og maskinlæring. I tillegg er UiS partner i to europeiske prosjekt som set søkelys på positive energidistrikt (gjennom Driving Urban Transition partnarskapet) og havvind (EØS midlar).

Styringsparameter: Styrke publisering relatert til berekraftige energiløysingar

UiS vil vidareutvikle den særeigne kompetansen sin gjennom heilskapleg og tverrfagleg tilnærming. Hovudtyngda av forskinga på berekraftige energiløysingar er ved TN, som har registrert ein ny rekord for vitskapleg publisering i 2023. Tabellen under viser tal for publikasjonar registrert i Cristin under emnet «realfag og teknologi» for 2023 som inkluderer elektrofag, energi, fysikk, geovitskap, kjemi og materialteknologi, konstruksjonsfag, matematikk, og tverrfagleg teknologi. Talet på publikasjonar på nivå 1 har auka betydeleg i forhold til 2022. På nivå 2 har det halde seg nokså stabilt. Eit enkelt søk for emneordet «energi» i Scopus viser til ein positiv utvikling i publikasjonar frå UiS over tid.

Publikasjonar registrert for emna realfag og teknologi i Cristin

Nivå		2020	2021	2022	2023
1	Antal publikasjonar	353	418	405	472
	Publiseringspoeng	264,9	322,7	278,9	344,8
2	Antal publikasjonar	124	120	140	132
	Publiseringspoeng	298,9	263,2	305,0	299,7

Tverrfagleg forskning frå humaniora eller samfunnsvitskap er ikkje tatt med i tabellen ovanfor, men utgjer likevel ein viktig del av energiforskinga ved UiS. Her kan nemnast Greenhouse, eit aktivt forskingssenter innan miljøhumaniora ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora, og forskarar ved Det samfunnsvitskaplege fakultet. Forskaren Siddarth Sareen har fått Det Kongelege Norske Videnskabers Selskabs (DKNVS) årlege pris for høg produktivitet og kvalitet gjennom si forskning og publisering i høgt rangerte tidsskrift innan miljø- og utviklingsstudiar.

UiS vil arbeide vidare med å styrke publiseringa på energiområdet. Senteret for berekraftig utnytting av energiressursar på norsk sokkel, NCS2030, er i gang og har eit mål om å publisere minst 200 vitskaplege artiklar i løpet av dei åtte åra senteret skal drivast. I tillegg til NCS2030, har Det tekniskvitskaplege fakultet også arbeid måletta mot å styrke forskinga (og publiseringa) ved å rekruttere nye og aktive forskarar innan batteriteknologi og støtte tverrfaglege nettverksaktiviteter knytt til hydrogen, batteri og vind. I tillegg vil den nye Akademia-avtalen omfatte delprosjekt innan energisystem, havvind, elektrifisering og CO₂-fangst.

Utviklingsmål – Brei og innovativ satsing på kunnskap for framtidig helse- og velferdssamfunn

Helse og velferd	2021	2022	2023	Endr. 22–23
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (tema helse og velferd, mill. kr.)	69,11	47,15	37,87	-19,7 %
Antal kandidatar med profesjonsutdanning innan helse og velferd	572	619	576	-6,9 %
Søkarar per studieplass til profesjonsutdanning innan helse og velferd	16,43	12,87	13,2	2,6 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor prof.utd. helse og velferd	45,00	43,10	42,20	-2,1 %

Styringsparameter: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer for innovasjon, forskning og utdanning innan helse og velferd

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer for innovasjon, forskning og utdanning innan helse og velferd i 2023, viste ein nedgang på om lag 20 prosent frå 2022, frå 47 til 38 millionar kroner. Talet på tildelingar i 2023 var 16, ein liten auke frå 14 tildelingar for 2022.

Kognitiv lab, ein arena for tverrfakultært samarbeid innan kognisjons- og åtferdsforskning, blei offisielt opna i 2023, og arbeider aktivt med søknader til Forskingsrådet og Horisont Europa. Via kognitiv lab var UiS med i to EU-søknader, der éin er gått vidare til steg 2 innanfor Horisont Europa sitt program for helse.

UiS etablerte eit samarbeidsprosjekt med Senter for bevegelsesforstyrningar ved SUS for å jobbe med tidleg diagnose av Parkinsons sjukdom ved automatisk muskelanalyse i videodiagnose og eit samarbeidsprosjekt med radiologisk avdeling ved SUS om positive effektar på barns hjerneutvikling og biologiske stressregulering i ute-SFO.

Forskarar frå SHARE – Senter for kvalitet og sikkerheit i helsetenesta - har tatt del i fleire søknader til Horisont Europa og Forskingsrådet. Dei har i 2023 fått innvilga eit prosjekt innanfor Horisont Europa sitt helseprogram på seks millionar euro (over 17 millionar kroner til UiS).

UiS si satsing innan tema helse er tverrfakultær. Til Forskingsrådet si utlysing for forskarprosjekt innan kvinnehelse blei det sendt inn fire koordinatorsøknader frå forskjellige fagområde, i tillegg til to FRIPRO-søknader og ein søknad innan tema mogleggjerande teknologiar, med søkelys på brystkreft. UiS sine forskarar blei også med som partner i fleire søknader til både Forskingsrådet og Horisont Europa. Gjennom 2023 har Det helsevitskaplege fakultet arbeidd med å etablere eit nytt forskingssenter for helsetenesteforskning. Det nye senteret skal mellom anna samarbeide med forskingsinstituttet NORCE, og internt med Det teknisk-naturvitskaplege fakultet innan bruk av kunstig intelligens.

Velferdsforskninga ved UiS er prega av tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Nettverk for velferdsforskning har arrangert ei rekke faglege seminar og arbeidsmøte og har vore pådrivarar for auka forskingsaktivitet. Nettverket koordinerte blant anna NFR-søknaden om å bli “Forskingscenter for utvalde profesjonsutdanningar innanfor temaet utsette barn og unge”.

I 2023 var forskarar frå UiS vellykka med sine søknader i velferdsrelaterte utlysingar både i Forskingsrådet og EU. Institutt for medie- og samfunnsfag fekk innvilga midlar frå NFR si utlysing velferd, kultur og samfunn for å gjennomføra prosjekt om populisme i Norden. Gjennom Institutt for grunnskolelærerutdanning, idrett og spesialpedagogikk er UiS deltakar i den suksessfulle Horizon Europa-søknaden Skills Partnerships for Sustainable and Just Migration Patterns (SKILLS4JUSTICE). Velferdsforskarar har også vore aktive i fleire samarbeidsprosjekt med kommunane i regionen.

Styringsparameter: Styrke publiseringa for helse og velferd

Antal publiseringspoeng har auka gjennom dei siste fire åra, knytt til medisin, helsefag og sosialforskning. Foreløpig tal for 2023 er til saman 172 publiseringspoeng for desse fagområda. Tal frå Cristin syner at publikasjonar under emna medisin og helsefag og sosialforskning har ei markant auke i 2023 samanlikna med året før. Elleve publikasjonar kan knyttast direkte til Kognitiv lab. Leiaren av Stavanger Baby and Child Lab, Francesco Margoni, kunne presentere ein banebrytande review artikkel i det høg-indekserte tidsskriftet Psychological Review, og ein studie om elevar si hjerneutvikling i uteskole har fått stor nasjonal merksemd.

Publikasjonar registrert for emna medisin og helsefag og sosialforskning i Cristin

Nivå		2020	2021	2022	2023
1	Antal publikasjonar	202	214	231	276
	Publiseringspoeng	139	131	142	172
2	Antal publikasjonar	54	66	54	66
	Publiseringspoeng	99	114	91	116

Styringsparameter: Framifrå utdanningar innan helse og velferd

Etter eit betydeleg overopptak i 2022, var rekrutteringa til bachelorutdanninga i sjukepleie noko dårlegare enn venta i 2023. UiS har auka opptaket til utdanninga meir enn kravet dei siste åra. Med dei betydelege kapasitetsutfordringane i praksisdelen av studiet kan ein ikkje halde oppe eit stort overopptak over tid. For å intensivere mellom anna arbeidet med kapasitet og organisering av praksis, sette fakultetet ned fleire arbeidsgrupper i 2023. Eit hovudmål med arbeidet er å vidareutvikle bachelorprogrammet i sjukepleie gjennom å betre organisering, pedagogisk aktivitet og praksisgjennomføring. Gruppene skal også sjå på auka bruk av simulering og digitale verktøy for betre effektivitet og kvalitet i utdanningane. Resultata frå arbeidsgruppene blir sett i verk i 2024.

Distriktsvennleg sjukepleieutdanning er eit målretta studietilbod mot Ryfylke-kommunane og Dalane-regionen. Desse prosjekta har i 2023 vore dei mest omfattande tiltaka på UiS for utvikling av fleksible,

nettbaserte utdanningstilbod. Prosjekta er modell for utvikling av andre fleksible, nettbaserte tilbod fra UiS. Innhaldet og løysingane som blir utvikla, vil bli nytta til kvalitetsutvikling i den ordinære sjukepleieutdanninga. Erfaringa med den distriktsvennlege utdanninga er god og studentane viser betydeleg høgare tilfredsheit enn på det ordinære programmet. Universitetet søkte og fekk støtte til dette tiltaket hjå HK-dir.

Vidareutdanninga i kreftsjukepleie blei omarbeidd og etablert som ei spesialisering i masterprogrammet i spesialsjukepleie i 2023. Frå hausten 2024 kan ein ta utdanninga anten som eit 120 studiepoeng masterstudium eller som ei 90 studiepoeng vidareutdanning i samsvar med retningslinene i RETHOS.

Universitetet har oppretta eit Felles strategisk utdanningsråd for sjukepleiarutdanninga (FUR) saman med Helse Stavanger HF og Stavanger universitetssjukehus. Rådet er etablert for å styrke samarbeidet om og kvaliteten i utdanninga, mellom anna for auka relevans, betre praksis og betre gjennomstrøyming. Etter modell av dette oppretta universitetet i 2023 eit samarbeid med kommunane i regionen om eit Felles Utdanningsråd. For å styrke utdanningane i prehospital akuttmedisin er det også etablert eit trepartsamarbeid mellom UiS, SUS og Stiftinga Norsk Luftambulansse.

Universitetet sende søknad til NOKUT om akkreditering av profesjonsstudiet i psykologi innan fristen i oktober 2021. Etter at NOKUT avslo søknaden i februar 2023 sende universitetet ein omarbeida søknad innan fristen i september 2023. Universitetet har etter kvart eit sterkt fagmiljø i psykologi og har no både bachelor- og masterutdanning på feltet. NOKUT har formelt godkjent søknaden frå UiS 26. februar 2024.

Utviklingsmål – Vere banebrytande på utdanningsfeltet

Læring for livet	2021	2022	2023	Endr. 22–23
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (tema læring for livet, mill. kr.)	163,59	83,27	50,14	-39,8 %
Antal kandidatar med profesjonsutdanning grunnskolelærar	355	390	384	-1,5 %
Søkarar per studieplass til profesjonsutdanning lærar (GLU, førskole, lektor)	8,92	7,94	5,7	-28,2 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor og master prof. utd. lærar (GLU, førskole, lektor)	34,80	34,40	36,30	5,5 %

Styringsparameter: Utvikle nasjonale og internasjonale partnerskap

Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora (UH) har bygd opp ulike samhandlingsarenaer med skular, barnehagar og arbeidsliv gjennom dei siste åra. Fakultetet er tungt inne i tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling, både i den regionale ordninga i barnehage (Rekom) og i den desentraliserte ordninga i grunnskole og vidaregåande skole (Dekom) og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ordningane legg eit godt grunnlag for eit utvida og varig partnerskap mellom universitetet, skular, barnehagar og skoleeigarar. Meir enn 70 tilsette ved UH er engasjert i arbeidet i Rogaland, i tillegg er fleire tilsette ved UiS sine nasjonale sentre involvert i partnerskap utanfor fylkesgrensa. Erfaringa med kompetanseutviklingsordninga er at den treff sitt todelte mål godt, ved at den bidrar til å styrke kvaliteten i skular og barnehagar samstundes som den styrker UiS sine utdanningar.

Universitetsskole- og universitetsbarnehagesatsinga er ein partnerskapsordning som har som mål å styrke samarbeidet om kvalitet i lærarutdanningane og praksisopplæringa. Så langt er fire skular og tre barnehagar med i satsinga. Frå hausten 2023 har ordninga seks delte stillingar, noko som betyr at lærarar frå universitetsskular og -barnehagar er tilsett i ein mindre stillingsprosent ved UiS og har ansvar for deler av emne i lærarutdanningsprogramma. På denne måten blir det utvikla strukturar som

bidrar til å formidle kunnskap om praksis inn i lærarutdanningane og forskingsbasert kunnskap inn i skular og barnehagar. Denne styrkinga av lærarutdanningane gjennom praksisnær undervising og forskingsnær praksis bidrar til at UiS kan nå målet om å være banebrytande på utdanningsfeltet gjennom å utforske og etablere nye måtar å samhandle på, nasjonalt og internasjonalt.

Dei nasjonale sentra Lesesenteret og Læringsmiljøsentret har ein sær stor kontakt med praksisfeltet og arbeidslivet og med andre eksterne samarbeidspartnarar som kjem alle lærarutdanningane til godes.

For å auke studentane sine høve til val i grunnskolelærarutdanningane, har UiS inngått avtale med Høgskolen i Østfold slik at desse studentane kan ta 30 eller 60 studiepoeng tysk, fransk eller spansk. UiS starta eit nytt bachelorstudium i skolefritidspedagogikk hausten 2023, det første i sitt slag i Noreg. Studiet var sær populært med om lag 10 førstevalssøkarar per studieplass.

I 2023 blei prosjektet Ullandhaug innovasjonsdistrikt starta med finansiering frå Stavanger kommune og Universitetsfondet. Målet er å skape eit internasjonalt attraktivt innovasjonsdistrikt for utdanning, forskning og innovasjon, på Ullandhaug, med hovudmål om å gi kraft til omstillingsarbeidet i regionen.

I prosjektet “Boosting Innovation and Entrepreneurship through European Universities (BOOGIE-U)” samarbeida UiS med fem andre ECIU-universitet. Prosjektet handla om å etablere «innovasjonshubbar» på universiteta for å styrke innovasjonskrafta. Den andre “Academic Development through bilateral peer-learning activities on mission-oriented innovation for Climate Neutral and Smart Cities” prosjekt i samarbeid mellom UiS og Czech Technical University in Prague gjennom EEA Norway grants produserte retningslinjer om å øke regionalt samarbeid om smartbyar. UiS har også søkt om midlar frå eit HEI Initiative for “SHArpening challenge-based innovation for deeptEch entrepreneUrshiP (SHAPE-UP)” prosjekt med seks ECIU partnarar, men søknaden blei ikkje innvilga.

Styringsparameter: Auka tildelingar frå eksterne konkurransearenaer for innovasjon, forskning og utdanning innan læring for livet

UiS har tre nasjonale sentre som driv med forskning innanfor temaet Læring for livet, desse er Lesesenteret, Læringsmiljøsentret og Kunnskapsenter for utdanning. Sentra er aktive bidragsytarar innanfor kunnskapsproduksjonen og har hatt høg søkeaktivitet mot eksterne finansierte midlar. UiS sine forskarar har blitt tildelt både nasjonale og europeiske prosjekt i løpet av det siste året. Lesesenteret fekk midlar fra NFR for å gjennomføre prosjekt som undersøker bruk av kunstig intelligens (KI) i skolen, og har som mål å finne ut av korleis teknologien kan tas i bruk i skolen på ein måte som set eleven i sentrum.

Læringsmiljøsentret blei saman med Institutt for kultur og språkvitskap prosjektleiar for eit nytt forskingsprosjekt som skal ta for seg nokre av spørsmåla som har dukka opp i kjølvatnet av den nye læreplanen, og spesifikt det tverrfaglege temaet livsmeistring. Forskingsprosjektet blei tildelt 10 millionar kroner frå NFR.

I tillegg er Læringsmiljøsentret med på ThinkPub, eit prosjekt finansiert av Creative Europe. Prosjektet skal skape eit læringsmiljø for boksektoren, og gje innspel på korleis sektoren bør ta i bruk ny digital teknologi.

Styringsparameter: Styrke publisering om barn og unge si læring og læringsmiljø

Tal frå Cristin viser ein reduksjon i antal publiseringspoeng knytt til pedagogikk og utdanning i 2023 (foreløpige tal).

Publikasjonar som er registrert for emna pedagogikk og utdanning i Cristin

Nivå		2020	2021	2022	2023
1	Antal publikasjonar	68	70	103	89
	Publiseringspoeng	63,07	73,38	84,31	70,22
2	Antal publikasjonar	29	34	38	36
	Publiseringspoeng	71,78	80,48	91,25	89,76

3.3 Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Kunnskapssenter for utdanning

Kunnskapssenter for utdanning sender eigen årsrapport til KD.

Midlar til styrking av barnehagelærerutdanninga (Kap. 231, post 2)

I 2023 fekk universitetet tildelt 3,84 millionar kroner til styrking av barnehagelærerutdanninga (BLU).

Midlane har i hovudsak blitt brukt til å stimulere og styrke verksemda ved BLU på fire hovudområde:

1) Styrking av studiekvaliteten 2) Studentretta tiltak og rekruttering 3) Mobilitet/internasjonalisering og 4) Styrke forskinga og kvalifisere vitskapleg tilsette.

1) Det har blitt kjøpt inn materiell og utstyr til undervisninga: Robotar til bruk i matematikk og i tema digital kompetanse i barnehagen, nye barnebøker til «studiebiblioteket» til bruk i undervisning i STM, opptaksutstyr til produksjon av podkastar. Midlane har finansiert ekskursjonar, kurs og arbeidsseminar for vitskapeleg tilsette, der ein har arbeida med å vidareutvikle fagleg innhald og undervisningsformer i eksisterande studietilbod og lagt planer for nye emne-/studietilbod.

2) Post-korona studentane har eit stort behov for støtte til å bygge læringsmiljøet sosialt og fagleg. Det har blitt arrangert ulike sosiale tiltak for studentgruppene på alle nivå i BLU. Studentassistentane har organisert sosiale aktivitetar særleg for førsteårsstudentane, og dei har også bidrege meir i undervisningsaktiviteter i samarbeid med lærarane. Studentmentorar har gått på kurs, og det har blitt arrangert faglege og sosiale samlingar for MA-studentane og profilstudentane for å styrke samhald, trivsel og engasjement. Midlane har også blitt brukt til annonsering i tidsskrifter, vidareutvikling av eigne nettsider for å synleggjere profilane i BA, ABLU (barnehagelærer – arbeidsplassbasert) og MA i barnehagepedagogikk.

3) Midlane er og brukt til å stimulere til auka interesse og motivasjon for utanlandsopphald og praksis i utlandet. Studieåret 2022 -23 hadde 8 studentar eit semester i utlandet, 15 studentar deltok i *International week* og 13 studentar gjennomførte praksisperiode i utlandet. Vitskapleg tilsette har også fått støtte til å delta i *International week*.

4) Fag- og forskingsgrupper har fått midlar til prosjektseminar og skriveseminar med mål om å styrke den tverrfaglege forskinga og forankringa i instituttet og stimulere til felles publikasjonar. Fleire faglærarar har deltatt på nasjonale nettverksmøter og konferansar knytt til fag og fagutvikling i utdanninga. Forskingsassistentar og medforskarar har blitt engasjerte for avgrensa periodar i pågåande prosjekt ved instituttet. Tilsette i kvalifiseringsstillingar har fått utvida forskningstid for å ferdigstille ph.d.-arbeider, og universitetslektorar har fått rettleiing på førstelektorsøknader. Det har blitt arrangert halvdagsseminar for å styrke kvaliteten på undervisning og rettleiing knytt til BA-oppgåva.

Midlar til partnerskap i lærarutdanningane (Kap. 275, post 21)

I 2023 fekk universitetet tildelt 4,2 millionar kroner til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane.

Partnerskapsarbeidet i universitetsskular og -barnehagar har i 2023 blitt vidareført og utvikla ved UH-fakultetet med mål om å styrke praksisopplæring og FoU-basert profesjonsutvikling i lærarutdanningane. Utviklingsarbeidet har sidan 2019 funne ei form og ei organisering som gjer grunnlag for eit langsiktig og utvida partnerskap med praksisfeltet. Vitskapleg tilsette i stillingsprosentar bidrar som faglege koordinatorar med forskingsnær kunnskap inn i samhandling med praksisfeltet. Lærarar i skular og barnehagar er frikjøpt i kombinerte stillingar og bidrar inn i lærarutdanningane med praksisnær kunnskap. Saman med dei fire innsatsområda: praksislærarutdanning, hospiteringsordning med utveksling, FoU-arbeid og formidling er dette kjerneverksemda i partnerskapsarbeidet.

Grunnskolelærarutdanninga inngjekk ein partnerskapsavtale med ein ny universitetsskole hausten 2023, og UH-fakultetet har no fem universitetsskular og tre universitetsbarnehagar knytt til lærarutdanningane. Mange mindre FoU prosjekt har blitt tildelt såkornmidlar og er blitt vidareført over fleire år med mål om å endre praksis både på campus og i praksisfeltet. Det har lenge vore ei målsetting å styrke forskingsdelen i FoU-arbeidet. Dette målet blei nådd med etableringa av ei FoU-leiing med forskarkompetanse og lang erfaring med praksisnær forskning. Ein styrke for partnerskapsarbeidet som det blir spennande å følge framover. I 2023 starta den første offentlege ph.d. stipendiaten knytt til ein universitetsskole. I det vidare arbeidet blir det lagt vekt på utvikling av praksislærarutdanning, FoU-arbeid og formidlingsdelen med «utvida praksis» og «praksisrelevans» som sentrale tema.

Midlar til studieplassar for flyktningar som følge av krigen i Ukraina (Kap. 260 post 50)

I 2023 fekk universitetet tildelt 5,474 millionar kroner til studietilbod for ukrainske flyktningar. I 2023 har universitetet gjeve eit studietilbod til ukrainske flyktningar innan engelskspråklege mastergrader, og kurs i norsk språk og kultur.

Hausten 2022 blei det tatt opp 13 studentar på mastergradstudiar innan energi og miljø, engelsk språk og litteratur, økonomi og administrasjon, risikostyring og leiing, teknologi og realfag. 12 av desse fortsette sine studiar i 2023. Det blei ved opptaket hausten 2023 tatt opp fire nye mastergradsstudentar til de nemnde fagområda.

Norsk språk og kultur er eit fulltidstudium for studentar som kan dokumentere generell studiekompetanse med unntak av språkkravet i norsk. Studiet har tydeleg definerte læringsmål innan norsk språk, kultur/samfunnskunnskap, litteratur og akademisk skriving. Trinn 1-2 er eit årsstudium for flyktningar frå krigen i Ukraina. Trinn 3-4 er eit årsstudium på høgare nivå. Bestått trinn 3 oppfyller språkkravet i norsk til norskspråklege studieprogram ved universitet og høgskular i Noreg.

Av 56 ukrainske flyktningar som hausten 2022 blei tatt opp på studieprogrammet, så fullførte 31 studentar trinn 2 (30 sp) våren 2023. Det blei tatt opp 28 studentar til trinn 3 hausten 2023, der 20 fullførte. Det blei også hausten 2023 tatt opp 23 nye studentar til trinn 1 (HNO111) der 18 fullførte.

Det ble i 2023 arrangert åtte sosiale arrangement i påskeferien og 15 i juleferien der dei ukrainske studentane blei inviterte. Studentane ønsker ikkje eigne arrangement utelukkande for dei, men vil gjerne være med på arrangement der dei kan bli kjende med andre studentar frå Noreg og andre land.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll


Dei grunnleggjande styringsprinsippa for statleg sektor blir lagde til grunn for verksemdstyringa. UiS har stor oppmerksomd på system og nødvendige aktivitetar for å møte krav til styring og kontroll i verksemda, jf. *Økonomireglementet* §4 og §14 og *Bestemmelsene* punkt 2.5 om Intern kontroll. Universitetet har rimeleg god styring og kontroll med verksemda, og system og rutinar for å førebygge styringssvikt.

Risikovurdering

System for risikovurderingar ved UiS bygger på COSO-rammeverket. Vidare bygger arbeidet med risikovurdering på kartlegging av kritiske suksessfaktorar og vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåinga ved UiS. Verksemda bruker fleire ulike verktøy (skjema) for risikovurdering, tilpassa dei områda av verksemda som skal risikovurderast. På overordna nivå bruker UiS risikovurderingsverktøy og metododokument frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. UiS har ikkje anskaffa noko heilskapleg digitalt system for styring og kontroll.

I 2023 blei det gjennomført ei overordna risikovurdering av verksemda og mål for omstilling og utvikling. Dei største risikoområda blei vurdert å vere:

1. omstilling/utvikling av studieporteføljen/ikkje attraktiv studieportefølje (R1)
2. oppfølging av kostnadssida (R2)
3. effektiv arealutnytting (R5)
4. evne og vilje til organisatoriske endringar (R6)
5. ekstern finansiering (R4)
6. effektivisering av prosessar og digital omstilling (R3)
7. endring i opplegg for intern fordeling (R7)



I samband med planlegging for gjennomføring av UiS sin reviderte strategi, medio 2024, vil det bli gjort ei overordna risikovurdering av forhold som kan verke inn på UiS si evne til å nå nye strategiske mål og resultat på sikt.

Opplegg for styring og kontroll

UiS sitt system for verksemdstyring blei for eit par år sidan styrkt med fleire nye aktivitetar og oppfølgingspunkt i årshjulet, for å redusere risiko for manglande måloppnåing. Det er innført ein fast, utvida resultatgjennomgang for den øvste leiinga (1. halvår). Hensikta med denne er å sikre kjennskap til resultatutvikling og måloppnåing, og å bidra til betre styring i verksemda. For tettare oppfølging av strategi, utviklingsavtale og planar, blei det også etablert eit årleg oppfølgingspunkt (2. halvår) for status og framdrift for institusjonelle satsingar og tiltak. Innspel til oppdatering av overordna risikovurdering inngår i dette nye oppfølgingspunktet. Tilbakemeldingane frå divisjonar og fakultet dannar grunnlag for eit årleg leiarseminar for styring og strategi, der tema inkluderer gjennomgang av planstatus med meir. Hensikta er å legge til rette for betre styring og leiing mot verksemdmål.

Grunna den særst utfordrande økonomiske situasjonen for universitetet, har oppfølgingspunkt for 2. halvår, og anna oppfølging i 2023, blitt innretta mot UiS sitt interne omstillingsarbeid. Det har blitt etablert fleire nye oppfølgingsaktivitetar og fora for styring av verksemd og omstillingsprosess.

UiS har gjennom 2023 arbeidd for å lage ein intranettportal for styrande dokument for ulike deler av verksemda. I tilknytning til den nye styringsportalen, har UiS også starta utvikling av nye malar for styrande dokument, med tilhøyrande rutinar for forvaltning av styrande dokument. Desse tiltaka kjem til å styrke universitetet sitt opplegg for styring og kontroll.

UiS vurderer framleis eit potensial for verksemda for å styrke styringa gjennom at risikovurdering tas i bruk i fleire prosessar som f.eks. bemanningsplanlegging og planlegging av studieportefølje. Den økonomiske situasjonen for UiS indikerer eit behov for å vidareutvikle dagens opplegg for styring og kontroll, og utvikle ein meir heilskapleg internkontroll basert på organisasjonen si vurdering av risiko. UiS har heller ikkje rutine for systematisk vurdering av eksterne risikoar for så store sektorendringar som har kome dei siste åra. Dette vil bli adressert i den vidare utviklinga av UiS sitt system for styring og kontroll.

Er opplegg for styring og kontroll godt nok til at	Vurd.
sette mål og resultatkrav blir nådde	●
ressursbruken er effektiv	●
lover og reglar blir overhaldne	●
resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg	●
vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte	●
internkontrollen er dokumentert	●

Vesentlege forhold inkludert eventuelle merknader frå Riksrevisjonen

Ut over det som kjem fram i årsrapporten har det ikkje vore vesentlege forhold knytte til styring og kontroll. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til UiS i 2023.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar

4.1.1 Lærlingar og studentar

UiS har høge ambisjonar for utdanning av lærlingar. Talet på lærlingar er stabilt frå 2022. Ved utgangen av 2023 var det 16 lærlingar ved UiS. Lærlingane er fordelt på fem ulike fagområde; service- og administrasjon, industrimekanikar, laboratoriet, IKT-servicefaget og medieteknikk. 11 av lærlingane er fordelt på dei fire største fakulteta, og dei fem andre i Divisjon for organisasjon og infrastruktur og Divisjon for utdanning. Lærlingane er knytte til to ulike opplæringskontor. Lærlingane i laboratoriet – og industrimekanikarfaget er knytte til Opplæringskontor for Industrifag i Rogaland (OFIR) og lærlingane i service og administrasjon, IKT-service og medieteknikk er knytte til Opplæringskontoret for sal og service. (OSSR). UiS deltar blant anna på karrieredagar ved ulike vidaregåande skolar og tar inn praksiselevar gjennom heile året for å vere ei synleg lærebedrift. UiS

har hovudsakleg oppstart av nye lærlingar i august, men tar inn lærlingar gjennom heile året ved behov. Vi har i 2023 tatt inn ein lærling som allereie har fagbrev på 1-årig løp. UiS opna opp for å ta inn lærlingar i reinhaldsoperatørfaget, men fekk dessverre ingen søknader til dette.

I 2023 hadde ikkje UiS nokre etablerte rutinar for inntak av studentar i praksis.

4.1.2 Redusere konsulentbruken

UiS har i 2023 redusert kjøp av konsulenttenester betydeleg. 2023 viser ein reduksjon på 46,8 prosent og utgjer no 1,3 prosent av totale lønnskostnader. Hovuddelen av reduksjonen finnes i den statsfinansierte delen av økonomien, men også innanfor BOA aktiviteten ser vi ein reduksjon.

	2021	2022	2023
Kjøp av konsulenttenester (1000 kr)	35 024	33 451	22 786
% av samla lønnskostnadar	2,4 %	2,1 %	1,3 %

UiS legg vekt på å gjere vurderingar i forkant av kvar avtale om kjøp av konsulenttenester, og det blir kommunisert tydeleg i organisasjonen at dette berre skal være heilt nødvendige tenester. I hovudsak blir konsulenttenester brukt når det er nødvendig med spisskompetanse som universitetet sjølv ikkje har.

Det meste av UiS sin konsulentbruk knyter seg til innkjøp av IT-tenester som UiS ikkje har kompetanse på sjølv. I tillegg er det som del av den strategiske satsinga på berekraft kjøpt konsulenttenester innanfor miljø, arealutvikling og arkitekttenester.

Kjøp av konsulenttenester til kommunikasjonsrådgiving blir heldt på eit minimum og kjem av mangel på intern kapasitet innanfor området. Det er i 2023 brukt konsulent til formidlingsaktivitetar knytt til i hovudsak EU-prosjekter og til konferansen KnowHow EdTech i tillegg til produksjon av journalistiske artiklar om studietilbod innan etter- og vidareutdanninga.

4.1.3 Desentralisert arbeid

UiS har ikkje vurdert det som aktuelt å legge til rette for arbeidsplassar ut over etablerte campusar i Stavanger og Porsgrunn. Etter koronapandemien har ein arbeidd for å få arbeidstakarane tilbake til fellesskapet på campusane. Dette med mål om å styrke det faglege og sosiale arbeidsmiljøet og tverrfagleg samarbeid for vidare utvikling i samsvar med strategien. Undervisningsaktiviteten skjer hovudsakleg på campusane. UiS vurderer det som viktig at tilsette i ulike funksjonar er tilgjengelege for studentane der. Samstundes har ein lagt til rette for at arbeidstakarar i periodar kan nytte seg av heimekontor etter avtale med leiar.

4.2 Andre krav til universitet og høgskolar

4.2.1 Sikkerheit og beredskap

1. Har verksemda kartlagt eigne verdiar og avhengigheiter? Dersom verdivurderinga ikkje er gjennomført, kva for nokre planar har UiS for dette arbeidet?

Det er gjennomført kartlegging i regi av IT-avdelinga, i samarbeid med fakulteta. Arbeidet er i all hovudsak gjennomført ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet (TN), som har mykje utstyr som står på PST sine lister. Det er blant annet utarbeidd ei eiga «Sjekkliste for forskingsprosjekt» ved TN i forbindelse med vurdering i forhold til «Eksportkontrollregelverket», som eit førebyggjande tiltak. I løpet av hausten har det vidare blitt gjennomført eit arbeid knytt til innkjøp av vitskapleg utstyr, og forslag om nye sjekkpunkt som må tas inn som del av planlegging og vurdering av nye innkjøp og investeringar.

TN har i løpet av 2023 gjennomført ei detaljert kartlegging og verdivurdering av sin utstyrsportefølje («tungt» vitskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur). Vurderinga er gjort basert på innhaldet i *vareliste II*, og *Iranforskriften* med vedlegg. Som eit resultat av denne vurderinga har fakultetet no ei uttømmende oversikt over instrumentering som krev spesiell merksemd i forhold til

eksportkontrollregelverket. Arbeidet med vurderinga er leia og utført på fakultetsnivå, men stor grad av involvering av linjeleing på nivå 3 (laboratorieleiarar og instituttleiarar). Dialog med fagmiljø er gjennomført i forhold til avklaring av tekniske spesifikasjonar. Som ei oppfølging av dette arbeidet, er adekvate tilgangs- og sikringstiltak sett i verk. Fakultetet har vidare innført ein prosedyre knytt til verddivurdering i forbindelse med alle ph.d.-prosjekt. Denne skal setjast i verk i forkant av godkjenning av kvar ph.d.-prosjektbeskriving, og innstillast av instituttleiar. Det er vidare innført rutinar knytt til verddivurdering i forbindelse med gjesteforskaropphald. HR-avdelinga har ifølge Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse sine *“Retningslinjer for ansvarlig internasjonalt kunnskapssamarbeid”* utarbeidd ein ny rutine, og ei utvida risikovurdering er no innført som eit obligatorisk trinn i planlegging av gjesteforskaropphald ved institusjonen. Til sist har fakultetet i 2023 gjennomført ei større sensitivetsvurdering på faggruppenivå for alle institutta. Kvar faggruppe har i denne prosessen blitt gjeve eit risikonivå (basert på ei vurdering av reell og potensiell risiko) ut i frå fagområdets eigenart og klassifisering, halde opp mot aktuelt lovverk (bl.a. eksportkontroll og sikkerhetsloven) og PST sine trusselvurderingar.

I sjølve piloten med verdikartlegging gjennomført ved TN blei det fokusert på primærverdiar innan forskning, i tillegg til kvar desse handterast (sekundærverdiar). Det ble utvikla eit verktøy til innsamling, eit nettskjema, ein presentasjon og ei rettleiing. Det blei halde ein presentasjon for leiargruppa på TN for å få forankring. Kartlegging er gjennomført av alle institutta på TN, og i administrasjonen. Piloten dannar ramme for vidare kartlegging av organisasjonen. Fokus vidare framover inkluderer i tillegg til forskning, også administrasjon, utdanning og formidling. God innføring er viktig, med dialog og rettleiing i korleis ein kan registrera nye verdiar sjølve. Erfaringa er at verktøyet fungerte bra, og at dette gjer verdifull tilleggsinformasjon dersom verdien er underlagt eksportkontroll (skjema utvidast). Fokus på primærverdiar betyr økt risikobevisstheit hos eigar. Piloten ga ei grovvurdering av risiko, og avdekket om det er gode rammer rundt det prosjekter som krev beskyttelse. Fokus flyttast til eigar og brukar, og ikkje berre IT. Nyttig og bevisstgjerrande i forhold til risikoforståing. Av identifiserte informasjonsverdiar er no 25 overordna informasjonsverdiar registrert, og meir enn 100 underliggende verdiar. Eks: Forskningsprosjekt med industri (K), prosess for forskningssøknader (T), informasjon om instrumenter (TI), kjemikaliereregister(T), konfidensielle studentoppgåver (K), kontraktar (KT). Vegane vidare er å vurdere ulike nivå for kartlegging. Ein har klarlagt skjema for registrering av forskningsprosjekt, og vil vidare utvikle verktøy og rettleiing for administrasjon av informasjonsverdiar. Informasjonsverdi-eigar må vurdere sine verdiar og tilhøyrande risikonivå, og det ligger til eigar å følge opp risiko og eventuelle tiltak.

Døme på kartleggings skjema

Beskriv eventuelle underliggende verdier som informasjonsverdien inneholder:

Eks.: Informasjonsverdien *Prosess for håndtering av forskningsdata* kan inneholde rutine for hør skjema, rutine for vurdering av eksportkontroll osv.

Hvilken kategori hører denne verdien til?

Velg fra nedtrekkslisten

Velg ...

Vurdering av behov for konfidensialitet:

Se matrisen i veiledningen eller bildet nedenfor.

Åpen

Beskyttet (Intern)

Fortrolig

Strengt fortrolig

KONFIDENSIALITET			
ÅPEN	BEKRYTTET (INTERN)	FORTROLIG	STRENGT FORTROLIG
Informasjon som er laget for offentliggjøring eller som offentliggjort krever at tilgjengelig. Andre informasjon som ikke innebærer	Informasjon som ikke er laget for offentliggjøring og enten ikke dekkes av offentliggjort eller er utvært offentliggjort på	Informasjon som er sensitive fra egen virksomhet, informasjon som er strategisk eller som innebærer	Store mengder sensitive informasjon eller som har stor økonomisk verdi for egen virksomhet eller som innebærer store

2. Når reviderte UiS sist sin ROS-analyse? Kva for nokre område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?

UiS gjennomfører kvar vår årlege ROS-analysar på utvalde tema, inkludert sikkerheit og beredskap. Rapport for 2023 er datert 16.03.23. Områda som er identifisert som dei med høgast risiko for verksemda, er:

- Brann/eksplosjon
- Informasjonssikkerheit og ulovleg kunnskapsoverføring
- Omkommen, skadd, trua eller sakna student/tilsett
- Alvorleg sjukdomsutbrot eller epidemi/pandemi
- Bombetrussel, dødeleg vald/terror, potensiell vald
- Svikt i beredskap eller manglande effektiv skadereduksjon
- Økonomiske og materielle verdier

Saman med nokre utvalde overordna HMS-område blir dette samla i ein rapport som dannar grunnlag for leiinga si gjennomgang, og til slutt blir det godkjent av rektor og hovudverneombodet. Ny gjennomgang basert på HMS og sikkerheitsarbeidet hausten 2023 er under utarbeiding og vil være fullført innan medio mars 24.

3. Beskriv dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingar som er gjennomført i 2023.

Det blei gjennomført ei samling for alle involverte i krisehandtering der det blant anna blei testa ut om beredskapstelefonen, som er satt opp i sløyfe med utvalde personar, fungerte som planlagt. Dette møtet var førebuing til ei større øving planlagt i desember. Same veke som UiS skulle gjennomføre kriseøving, skjedde det to uønskte hendingar som medførte at UiS sette stab.

a. Bortfall av straum på Campus Ullandhaug

b. Brann i SiS sine studentbustadar. Det er ikkje kjent alvorleg skade på liv eller helse. Det er Studentsamskipnaden i Stavanger som var «eigar» av krisa. UiS var saman med naudetatane og Stavanger kommune viktige samvirkepartnarar for å gjennomføre skade-avgrensande aktivitetar på liv og helse, miljø, økonomi/materiell og omdømme.

Følgjande punkt tas med i det vidare arbeidet med systematisk og førebyggjande beredskapsarbeid:

- Det blei ikkje varsla om hendinga via beredskapstelefonen ved UiS, men direkte til UiS si leiing. Dette førte til forseinka varsling. Læringspunkt: UiS sine nød-prosedyrar og varslingsrutine jamfør www.uis.no/krise må gjerast betre kjent, inkludert UiS sine samvirkepartnarar.
- Det er ikkje definert ei liason-rolle i UiS sin beredskaps- og kriseplan. Dette ble løyst ad hoc av UiS si operasjonelle kriseleiing under sjølve hendinga. Læringspunkt: UiS bør innarbeide liason-rolle i Beredskaps- og kriseplanen.
- Førstemøtet i den operasjonelle kriseleiinga blei godt gjennomført i tråd med planverket. Læringspunkt: Godt utbytte av fokus og trening på gjennomføring av førstemøtet i den operasjonelle kriseleiinga.
- Utdfordrande å ha ein oppdatert logg fordi det var for mykje informasjon i forhold til loggførarkapasiteten. Læringspunkt: Mobilisere fleire loggførarar jfr, proaktiv stabsleiing: moderat overreaksjon.
- Uklar rollefordeling mellom operasjonell og taktisk/lokal kriseleiing. Læringspunkt: Utvikle, trene planverket, og øve samspelet mellom nivåa for kriserespons.

4. Gjer greie for arbeidet med å utarbeide eit styringssystem for sikkerheit, medrekna korleis dette samordnast med leiingssystem for informasjonssikkerheit og verksemdsstyringa for (jf. styringsdokumentets kap. 7).

Direktør for Divisjon for organisasjon og infrastruktur (DOI) har ansvaret for å leie arbeidet med å etablere eit styringssystem for sikkerheit ved UiS. Status pr. januar 2024 er at eit utkast til overordna styringsdokument er utarbeidd, og vil i løpet av våren bli endeleg fastsett. Vidare arbeid i løpet av året vil være å fastsette tilsvarande styringsdokument for kvart av dei utpekte sikkerheitsområda på UiS.

Det er vidare plan om å få på plass ein sikkerheitsleiar som vil få ansvar for å utvikle og leie det systematiske førebyggjande sikkerheitsarbeidet, i tråd med føringane gjeve i KD sitt styringsdokument for sikkerheit og beredskap. Informasjonssikkerheit og personvern er eit av sikkerheitsområda som omfattast av det overordna styringsdokumentet. Det allereie etablerte leiingshandteringssystemet for informasjonssikkerheit vil tilpassast nye malar og organisering. Den årlege leiingsgjennomgangen og saka til styret vil etter planen hausten 2024 inkludere alle sikkerheitsområda, og ikkje berre informasjonssikkerheit. Dei gode rutine og måten å vurdere og presentere risikoen innanfor informasjonssikkerheit og personvern vil danne mal for universitetet sitt vidare arbeid med sikkerheit på eit overordna nivå.

4.2.2 Informasjonssikkerheit og personvern

UiS har i 2023 fortsett med fokus på opplæring og kunnskapsformidling til tilsette og studentar på ulike nivå basert på identifiserte risikoområde. Det er i tillegg lagt eksplisitt vekt på informasjon til, og bevisstgjerjing av, nye tilsette, nye leiarar og systemeigarar, om roller og ansvar i arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern. *Policy for informasjonssikkerhet og personvern i høgere utdanning og forskning*, ligg til grunn for arbeidet.

Rådgivingstenesta er veletablert og handterer eit aukande tal førespurnader både frå tilsette og studentar. Informasjon på nettsidene har også fått ei oppdatering som reflekterer brukarperspektivet innan dei ulike rollene i organisasjonen. Målet er å auke graden av sjølvhjelp og dermed frigi tid til utviklingsarbeid, risikovurderingar og analysar.

Ved UiS er det identifisert tre hovudområde med særleg betydning for risikobilete innan informasjonssikkerheit og personvern; funksjonsevne, informasjonsverdiar og personvern. Risikobilete er blitt kommunisert på ein innovativ måte til toppleiargruppa og styret som ein del av leiinga si gjennomgang. Risikobilete og framstillinga blei anerkjent av styret, som vedtok risikoakseptnivå og støtta forslaget om ytterlegare styrking av arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern framover.

I perioden er det også gjort eit betydeleg forarbeid i forbindelse med kartlegging av informasjonsverdiar og tilrettelegging for handtering av eksportkontrollregelverket. På eit overordna nivå, har fleire tekniske krav til brukarkontoar blitt innført, og det har vore fokus på å utnytte og utvikle eksisterande tenester slik at brukarane kan forholde seg til færrest moglege løysingar. Deltakinga på årets haldningskampanje var låg og det vil i komande periode være eit fokus å få deltakinga opp.

4.2.3 Løns- og arbeidsvilkår

UiS stiller relevante krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår i alle tenestekontraktar. Leverandøren skal sørge for at tilsette hos leverandøren og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å følge opp kontraktane, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med vilkåra inntatt i *forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar*.

UiS har utarbeidd ein rutine for oppfølging av løns- og arbeidsvilkår der det er risiko forbunde med dette. UiS har i 2023 følgt opp to avtalar med eigenrapporteringsskjema. Dette på grunnlag av ei overordna risikovurdering i samband med løns- og arbeidsvilkår. Basert på tilbakemeldingane frå leverandørane blir det vurdert om ytterlegare tiltak skal settast inn.

Ny overordna risikovurdering er utarbeidd for 2024 og nye leverandørar vil bli følgt opp.

Etisk handel

UiS er medlem av *Etisk handel Noreg*, og som eit vilkår i dette medlemskapet må ein kvart år rapportera om framdrifta når det gjeld etiske krav. Rapporten er offentleg tilgjengeleg og dei siste rapportane er og tilgjengelege på universitetet sine eksterne nettsider.

Status for 2023

UiS har utforma ein ny policy for etisk handel, og ein arbeidsplan som skal haldast oppdatert medan vi arbeider med oppfølginga av etisk handel. Det er vidare utarbeida ei rutine om aktsemdsvurderingar i UiS anskaffingar. UiS har informert offentleg om relevante tiltak frå UiS sin Klima og miljøplan. UiS har stilt etiske kvalifikasjonskrav og kontraktsvilkår i anbod om blomar, og har følgd opp dei etiske kontraktsvilkåra i denne avtalen. Dei etiske vilkåra i rammeavtalane om medisinsk forbruksmateriell og profileringsartiklar er følgd opp vidare i 2023. Rådgjevarane ved Seksjon for innkjøp har deltatt på ulike arrangement hos Etisk Handel Noreg.

Planar for 2024

UiS har mål om å få ny policy og arbeidsplan forankra/vedtatt av leiinga ved UiS i 2024, og skal arbeide for å nå basisnivået for Etisk Handel Noreg medlemmer før rapportering for inneverande år.

UiS vil stille etiske kvalifikasjonskrav og kontraktsvilkår i rammeavtale om cateringtenester, og me vil følge opp kontraktsvilkåra. UiS vil fortsette med å følge opp dei etiske kontraktsvilkåra i rammeavtalane om blomar, medisinsk forbruksmateriell og profileringsartiklar. Det er òg eit mål å gjennomføra kurs om anskaffingar og etisk handel for leiarar og andre tilsette.

4.2.4 Likestilling og mangfald

Universitetet sitt arbeid med likestilling skal fremme likestilling blant tilsette og studentar og sikre at alle har like moglegheiter og rettar uavhengig av kjønn, evne, etnisitet, religion, legning eller politisk overtyding. Arbeidet med likestilling er forankra i universitetsleiinga og inngår som eit viktig ansvar for leiarar på alle nivå.

I tråd med krav frå Horisont Europa har UiS ein handlingsplan for likestilling, som sidan 2021 har vore UiS sin målestokk for korleis universitetet skal jobbe med likestilling, inkludering og mangfald. Formålet med handlingsplanen er å systematisere arbeid med likestilling, inkludering og mangfald ved UiS og nå målet om å skape eit trygt arbeids- og læringsmiljø for alle. Nokre av dei viktigaste tiltaka under organisasjon og leing i handlingsplanen, er etablering av ei rolle som mangfaldsrådgivar og eit utval for likestilling, inkludering og mangfald. Det er i slutten av 2023 set i gang eit forarbeid for etablering av desse. Allereie ved årsskiftet har UiS oppretta rolla som mangfaldsrådgivar, i 50 prosent stilling, og tidleg i 2024 vil me sørgja for skiping av utvalet. Mangfaldsrådgivaren vil ha eit spesielt ansvar å følge opp likestillingsrepresentantar, og være eit kontaktpunkt i organisasjonen for spørsmål og saker som relaterast til mangfald, likestilling og inkludering. Utvalet si rolle vil vere å vurdere og fremme tiltak, og vere det ansvarlege organ for rapportering. Mangfaldsrådgivaren vil være sekretær for utvalet.

